

Vedlegg 5

Oversikt over krav med særskilte rapporteringsfristar i 2018

I tillegg til dei faste rapporteringstidspunkta som det er vist til i kapittel 7, er det enkelte særskilte rapporteringstidspunkt for noen av krava i styringsdokumentet for 2018. Sjå oversikt under. Særskilte rapporteringar skal sendast til helse@helse-vest.no.

Rapportering gjennom etablerte kanalar til eigne faste fristar er ikkje vist i oversikten under (t.d. verksemderapportering, halvårsrapport o.l.). Denne typen rapportering er omtalt i kapittel 7.

Frå styringsdokumentet for 2018		
Kap.	Særskilt rapporteringstidspunkt	Krav det skal rapporterast på (til alle)
3.1	1. oktober 2018	Gjere greie for status i arbeidet med å redusere uønskt variasjon i kapasitetsutnytting og forbruk, og og kome med framlegg til vidare utviklingsarbeid. Frist for dette er 1. oktober 2018.
3.1	1. mai 2018	Samle og dele erfaringar frå relevante ressursar på tvers av helseføretaka som jobbar med forbetring i effektivitet og kapasitetsutnytting, med tanke på å finne ut kva faktorar som er med og gjer at forbettingsarbeidet lykkast. Det skal gjerast greie for dette til Helse Vest RHF innan 1. mai 2018. Som del av dette skal det gjerast greie for korleis styra i helseføretaka får høve til å følgje jamt med på relevant styringsinformasjon om effektivitet, kapasitetsutnytting og betningsarbeid som er gjennomført. (PO)
3.3	5. april 2018	Sørgje for ei planmessig omlegging av raskare tilbakeordninga. <i>Sjå heile kravet i kap. 3.3.</i> Helseføretaka skal innan 5. april 2018 sende Helse Vest RHF rapport om status og plan for omlegginga. Vi viser til brev datert 23.01.18.
3.3	30. april 2018	Etablere ein ordning for overgang til fagleg likeverdige, men rimelegare legemiddel basert på tilrådingane i rapporten « <i>Overgang til faglig likeverdige legemidler og tilgrensende oppdrag</i> ». Rapporten blei sendt frå dei regionale helseføretaka til HOD 1.november 2017. Helseføretaka må samarbeide med Sjukehusapoteka Vest HF i dette arbeidet. Helseføretaka skal gjere greie for oppfølginga til Helse Vest RHF innan 30. april 2018. Helse Vest RHF vil kome tilbake til dette i eget brev.
3.3	15. mai 2018	Registrere i pasientadministrative system at pasientar har vore vurderte og eventuelt fått tildelt kontaktlege. Det skal bli gjort greie for status innan 15. mai 2018. Helse Vest RHF vil kome tilbake til dette i eget brev.
4.2.9	1. september 2018	Nytte Optimal timetildeling som ein del av arbeidet med å redusere unødig venting og variasjon i kapasitetsutnyttinga. - starte arbeidet med å innføre ny strategi for timetildeling, via prosjekt Optimal timetildeling. Helseføretaka skal innan 1. september 2018 utarbeide ein plan for innføring i hele foretaket.

Til Helse Bergen		
3.3	1. april 2018	Etablere ei nasjonal ordning med ekspertpanel i spesialisthelsetenesta der pasientar med alvorleg livsforkortande sjukdom kan få ei ny vurdering av kva som er mulig behandling for anten etablert eller utprøvande behandling i Noreg eller i utlandet, jf. utgreiing gjennomført i 2017. Helse Bergen skal utarbeide forslag til korleis etablering av ordninga skal skje innan 1. april 2018.
Til Helse Stavanger		
3.3	30. april 2018	Innan 30. april 2018 gjere greie for status for prosjektet Norwegian Pumps & Pipes, herunder rekneskap for prosjektet, kva som er oppnådd så langt, plan for vidare aktivitet og Helse Stavanger sin framtidige rolle i samarbeidet.